

Liv Marit og Øyvind Hope

15.05.2023

Litlåsvegen 72

5955 Lindås

G/Br nr 126/7

## **Alver kommune**

### **Pb 4**

### **5906 Frekhaug**

### **Referanse 20/1203-23/34228**

### **Uttale til klage fra Vestland fylkeskommune på endra reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettsted – Mongstad**


Vi ser ut av uttalen frå administrasjonen at demokratiske vedtak vert motarbeida. Administrasjonen fekk eit klart oppdrag frå kommunestyret, men vel å argumentere mot vedtaket i si oppsummering.

Administrasjonen hevder det ikkje vert eit tilbod for gåande og syklande frå Hope til kommunegrensa. Slik saka vart framlagt i utval for areal, plan og miljø og i Kommunestyret, vart det peika på at gang og sykkelveg skulle vidareførast på Litlåsvegen som går parallelt med fv 57. Denne vegen er godt egna for gåande og syklande og kan med enkle grep gjerast om til gang og sykkelveg med tilatelse for køyring til eigedomane. Det er her lettare å gå og sykle da det er lite endring i høgde gjennom traseen. Det er og her det bur folk på dette strekket, ikkje langs fylkesvegen. Gåande og syklande benytter allereie denne vegen i dag, også dei frå Keilen då den gamle vegen frå Keilekrysset til Litlåsvegen er intakt.

Litlåsvegen ligg på austsida av fv 57 og er derfor godt egna direkte tilknytta planlagt gang og sykkelveg frå sør og ender opp i Mongstadkrysset slik hensikta med planen er.

Det blir peika på at det er nødvendig med utfylling i Hopevatnet dersom fv 57 eller gang og sykkelvegen vert flytta mot vest. Dette har me bede om forklaring på i møte med både Statens Vegvesen og fylket, men ikkje fått svar.

Når det gjeld arealbruk er dette beskrive i vedlagt snitt



Det blir i klage frå VFK vist til at det vil bli gjort tilpassingar og eventuelt tilbakeføring av areal i anleggsfasen. Me har bede vegeigar konkretisere dette gjeldane vårt bruk i planfasen utan at dette er svart ut.

For å ikkje måtte gjenta alt me har sendt inn før på nytt, legg me inn her klage frå oss datert 22.03.2018 og 10.05.2022.

Plan v / arealforvaltning

*Alver kommune*

post@alver.kommune.no

22.03.2018

## Innspel til plan om gang og sykkelveg Lindås- Mongstad

Me eig og bur på g-/ br. nr 126/7. Litlåsvegen 72. Her er våre innspel til planen som er på høyring.

### Arealbruk


Då FV57 vart bygd, tok Statens Vegvesen ( heretter kalla SV) 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Der ligg og ein tilkomstveg langs fylkesvegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Tidlegare prosjektleiar Kjersti Myhre har og vore på synfaring og fått sett dette arealet. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet.

Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.

Det er i planen vist til at det er lite dyrka areal som vert råka av utbygginga. No er det slik at på eit lite bruk som vårt skal det lite til at inngrep i dyrka areal vert betydelege. For vår del vil det ha mindre konsekvens for dyrka areal, at ein brukar areal vest for eksisterande veg.

Løysing som er valt er og den mest plasskrevjande, er det dette me treng her? Det er tydeleg for oss at Fylkeskommunen gøymer seg bak teksten i ulike handbøker dei har. Ein kan spare 3 meter ved å ta bort rabatt og heller sette autovern med skinne på begge sider. Dette er og ei sikrere løysing då det blir fysisk sperre.

Kvar blir det av sunn fornuft, økonomi og tilpassing til reelt behov?



## Økonomi

Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Det er her folk bur. Når det gjeld gåande og syklande frå Kjeilen er det og her veg i forbindelse til den kommunale vegen.

Me er usikker på kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå Kolås krysset til Mongstad.

Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?

## Støy

Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt. Her må de ta kontakt med oss og forklare.

## Prosess

Som me tidlegare har sendt innspel om , synes me framgangsmåten til SV i denne saka har vore dårleg.

Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert frå prosjektleiar si side. Ny prosjektleiar har lova betring. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.

## Landbruksutkøyring

Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskutertast.

## Dyrka mark

Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark.

Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Som tidlegare nemnd ser me ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.

Me håper på positiv dialog, og regner med at de tek med våre innspel i vidare arbeid med denne planen. Me ynskjer å møte Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom.

Mvh Liv Marit Og Øyvind Hope

Liv Marit og Øyvind Hope

10.05.2022

Litlåsvegen 72

5955 Lindås

G/Br nr 126/7

Til

Alver kommune

Plan v/Arealforvaltning

postboks 4

5906 Frekhaug

Klage på vedtak PlanID: 1263201407

Me ser dessverre at både 1. og 2. gangs høyring berre er ein formalitet. Det vert gjort nokre små endringar etter at høyringane er gjort for å vise at høyringa skal være truverdig. Men i realiteten er avgjerla tatt før utsending til høyring.

Eigd eigedom er berre til låns heilt til industrien eller storsamfunnet kjem med idear om tiltak, uavhengig om det er fornuftige tiltak eller ikkje. Då sit grunneigaren att som statist og ser eigdommen verta rasert. Bruket vårt har gjennom tidene måtta avsjå meir enn 220 mål på denne måten.

Gjennom kommentarane til forslagsstillar ser me at det vert svart ut i øst og vest utan at det er gjort verkelege vurderingar.

Når me har bede om dialog er det heilt klart at det ikkje er interessant å snakke med oss. Får ingen skriftlege svar på det som blir tatt opp når me har hatt synfaringar. Desse synfaringane har me måtta kalla inn til sjølv. Då stiller representantar frå det offentlege berre fordi dei må, ikkje for å ha ein reel dialog om planane.

Under har me klipt inn frå Merknads og endringsskjema for offentleg ettersyn.

Mellom kvart punkt frå forslagsstillar har me lagt inn kommentarar merka •

## Hovudpunkt i merknad/uttale

### Plankart 13

1. Då FV57 vart bygd, tok Statens 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet. Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.

2. Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang- og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå

3. Kolås krysset til Mongstad. Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?

4. Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.

5. Som me tidlegare har sendt innspel om, synes me framgangsmåten til SVV i denne saka har vore dårleg. Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.

6. Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskuterast.

7. Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark. Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Me har ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.

8. Me ynskjer å møte Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom.

## Forslagsstillars kommentar

### Plankart 13

1. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag.
  - Som me har kommunisert på synfaringane og vist representantar frå kommune og SVV, ligg det ein gardsveg i skråninga på vestsida av vegen frå krysset til Hopsvågen til ca midt på vatnet. Det må være fullt mogeleg å forskyve heile fylkesvegen over denne mot vest. Denne gardsvegen er ikkje i bruk, men vart etablert av SVV på grunn gitt av 126/7 for at 126/3 skulle ha åtkomst til utmark nord- aust for vegen når FV 57 vart bygd. Området mellom FV57 og vatnet ca frå pel 9270 og nordover vart og overdrege til SVV ved bygging av vegen.
2. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. Det er gjort ei vurdering av kor GS-veg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medføre utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gang- og sykkelvegen. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, jf. Notat Gang- og sykkelveg – Sidevurdering vedlegg 15.
  - Det er her berre gjort ei vurdering med heile tiltaket på vestsida av vegen. På den siste synfaringa fekk me beskjed om at det skulle vurderast om ein kunne skyve vegen noko vest sør for pel 9400. Dette vil ikkje medføre utfylling i vatnet, men krevje mindre av dyrka areal og hage på vårt bruk. Skulle nesten tru dei som har utarbeid dette ikkje har vore ute og sett korleis det ser ut her.
  - Løysing som er valt er og den mest plasskrevjande, er det dette me treng her? Det er tydeleg for oss at Fylkeskommunen gøymer seg bak teksten i ulike handbøker dei har. Ein kan spare nesten 3 meter ved å ta bort rabatt og heller sette autovern med skinne på begge sider. Dette er og ei sikrere løysing då det blir fysisk sperre. Dei siste åra har det vore fleire dødsulykker der bilar har komme over på gang og sykkelveg. Noko som kunne vore unngått dersom det var fysisk sperre.
3. Når det gjeld ny veg i tunnel til Mongstad sør må dette løysast i ev. ny plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Dette planarbeidet legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør vedlegg 17 til planforslaget.
4. Eigedommen ligg i delvis raud- og gul-støysone. For bustader vil støytiltak, avhengig av lydnivået ved dei einskilde bustadane, kunne innebere fasadetiltak, utskifting av vindauge, støydempa ventilar i yttervegg eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.

- Det er uakseptabelt at det ikkje ligg føre meir detaljerte planar på dette før i byggeplan.

5. Det har vore dialog og fleire synfaringar med SVV og representantar frå Lindås/Alver kommune i prosessen.

- Me har ikkje fått tilbakemeldingar på noko av det me har teke opp på synfaringane. Har heller aldri fått noko referat etter desse.

6. Landbruksavkøyrsla til fv. 57 i nordaust er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Difor finn ein det naudsynt å stenga avkøyrsla. Eigedommen har tilkomst til fv. 57 via Litlåsvegen. Ein har fjerna stengesymbol for avkøyrsla til eigedom 126/7 vest for fv. 57. Her er det lagt inn avkøyrsllepil ved pel 9180. Tilpassing og detaljering av avkøyrsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.

- Denne løysinga vert berre halvvegs. Me får no ein omveg på 1,2km for tilkomst til den delen av eigdommen som ligg vest for FV57. Må og då stå midt i vegen for å vente på luke frå møtande trafikk før kryssing av sørgåande felt. Alternativ omkjøring via Mongstadkrysset med total omveg på 2,5 km.

7. Sjå kommentar under punkt 2.

- Sjå kommentarar til punkt 1 og 2

8. Sjå kommentar under punkt 5. Delvis tatt til følgje. Endring av plankart

- Sjå kommentar til punkt 5

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål, eller ynskjer å sjå området me beskriv.

Med venleg helsing

Liv Marit og Øyvind Hope

Tlf 47670313 / 90565643

e-post: [livmhope@hotmail.com](mailto:livmhope@hotmail.com) / [oyvindhope78@gmail.com](mailto:oyvindhope78@gmail.com)